

Til Hordaland Fylkeskommune

19.12.2017

Rapport Senior-NM i bordtennis 2017 - saksnummer 2017/815

Hardanger BTK var arrangør av årets senior-NM i bordtennis, som vart arrangert i idrettshallane i Norheimsund og Øystese 3.-5. mars. Meisterskapen vart svært vellukka for Hardanger BTK – både sportsleg og arrangementsmessig.

Sportsleg er me svært glade og stolte over at det vart både gull og sølv til Roger Andersson på heimebane! Han vart noregsmeister i mixed dobbel saman med Sarah Horgen frå B-72 og sikra seg sølv i herrar dobbel saman med Fredrik Meringdal frå Volda og Ørsta. Også andre HBTK-spelarar leverte gode prestasjonar på heimebane.

Arrangementsmessig er me veldig godt nøgde! Me gjennomførte det me sjølv meiner var eit svært vellukka NM. Me la vekt på å ha ei svært god ramme rundt meisterskapen, med både flagg i og utanfor hall og i sentrum, flotte blomedekorasjonar, stilfull pynting, profesjonelt program, stilige plakatar og flott rigga hallar. Ikkje minst hadde me stilfulle innmarsjar med spelarpresentasjonar framfor finalar og flotte NM-seremoniar med musikk, speaker og lyssetjing. Me hadde også kiosk i begge hallane med svært godt utval. Meisterskapen vart også streama på to kamera og me hadde svært god resultatservice på nett. Me stilte også med dommarar på alle bord heile helga. Det er sjølv sagt alltid ting som kan verta betre, men uansett kan me vera veldig godt nøgde med gjennomføringa!

Me gjennomførte eit stort dugnadsløft. Over 30 personar utførte til saman minst 800 dugnadstimar. Det var krevjande, men kjekt. Me sit også igjen med eit godt overskot, sjølv om me brukte mykje pengar på å lage ei god ramme rundt eit godt meisterskap.

Me registrerte ingen avvik frå søknadsgrunnlag og vilkår.

Mvh

Jack Feng - leiar